

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 22.05.03 **Tid:** 14.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Berit Hernes

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet:
Hans Kristian Stenerud og Øyvind Haga

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 23. mai 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Ingen merknader til innkalling og sakliste

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0017/03	03/00126	KOMMUNEPLAN FOR FUSA KOMMUNE 2000 - 2010.
0018/03	02/00427	REGULERINGSPLAN HYTTEFELT SVENSDAL GNR 34/2.

Hovudtema på møte var utkast til kommuneplan, arealdel med føresegner. Denne vart gjennomgått og drøfta. Utvalet vil ha den oppe til ei siste drøfting i slutten av juni.

0017/03

KOMMUNEPLAN FOR FUSA KOMMUNE 2000 - 2010.

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak::

Samnanger kommune vil syne til tidlegare semje mellom kommunane Fusa, Os og Samnanger om eit samarbeid om utnytting av Samnangerfjorden. Det er riktig å sjå fjordbassenget under eitt med omsyn til akvakultur.

Samnanger kommune reagerar på at akvakulturarealet mot Samnanger grensa er særst stort. Dette gir dårleg oversikt over kor eventuelle nye akvakulturanlegg vil liggja, og det gjer det usikkert kor mange anlegg som kjem innanfor område. Det aktuelle området ligg heilt i grensa til Samnanger kommune sin del av sjøområda i vest. Akvakulturområdet vil såleis leggje band på sjøareala i Samnanger kommune, då det i dag mellom anna er krav om at avstanden mellom akvakulturanlegg er 1000 meter. Samnanger kommune ber difor om at avstanden mellom akvakulturområde og grensa til Samnanger kommune vert minimum 500 meter.

Det vert gjort merksam på at målestokkane på framsida av kommuneplanen sin arealdel er feil.

Samnanger kommune har elles ikkje noko å merkja til den framlagde planen.

Handsaming i møte:

I møtet sette **Olaug Karin Øystese** fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har ingen merknader til kommuneplan for Fusa.

1 røysta for framlegget frå Øystese og 5 for framlegget frå administrasjonssjefen.

Vedtak:

Samnanger kommune vil syne til tidlegare semje mellom kommunane Fusa, Os og Samnanger om eit samarbeid om utnytting av Samnangerfjorden. Det er riktig å sjå fjordbassenget under eitt med omsyn til akvakultur.

Samnanger kommune reagerar på at akvakulturarealet mot Samnanger grensa er særst stort. Dette gir dårleg oversikt over kor eventuelle nye akvakulturanlegg vil liggja, og det gjer det usikkert kor mange anlegg som kjem innanfor område. Det aktuelle området ligg heilt i grensa til Samnanger kommune sin del av sjøområda i vest. Akvakulturområdet vil såleis leggje band på sjøareala i Samnanger kommune, då det i dag mellom anna er krav om at avstanden mellom akvakulturanlegg er 1000 meter. Samnanger kommune ber difor om at avstanden mellom akvakulturområde og grensa til Samnanger kommune vert minimum 500 meter.

Det vert gjort merksam på at målestokkane på framsida av kommuneplanen sin arealdel er feil.

Samnanger kommune har elles ikkje noko å merkja til den framlagde planen.

0018/03

REGULERINGSPLAN HYTTEFELT SVENSDAL GNR 34/2.

Framlegg til vedtak::

Framlegg til reguleringsplan i Svendsdalen med plankart datert 23.04.03 og føresegner datert 23.04.03 vert lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn.

Før utlegging må framleggstillaren syta for at planen vert presentert på A2-format og påført teiknforklaring. Det er berre tillete med 1 bygg pr eigedom. Det skal avmerkast spesialområde for VA-anlegg. Fellesområde til leikeplass må flyttast til tomt 4 og 8, eventuelt til friområdet, eller det kan sløyfast. Feltet skal ha plass til minimum 22 biloppstillingsplassar. Mønehøgda skal ikkje overstiga 6 m rekna frå ferdig planert terreng. Desse endringane må innarbeidast i føresegnene til planen.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til reguleringsplan i Svendsdalen med plankart datert 23.04.03 og føresegner datert 23.04.03 vert lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn.

Før utlegging må framleggstillaren syta for at planen vert presentert på A2-format og påført teiknforklaring. Det er berre tillete med 1 bygg pr eigedom. Det skal avmerkast spesialområde for VA-anlegg. Fellesområde til leikeplass må flyttast til tomt 4 og 8, eventuelt til friområdet, eller det kan sløyfast. Feltet skal ha plass til minimum 22 biloppstillingsplassar. Mønehøgda skal ikkje overstiga 6 m rekna frå ferdig planert terreng. Desse endringane må innarbeidast i føresegnene til planen.